

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato	11.12.2024
Vår referanse	2022/94811-16
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Siri Hanson
E-post	Siri.Hanson@vlfk.no
Telefon	

Fråsegn til høyring av detaljplan og søknad om ekspropriasjon og førehands-tiltreding for nye Kvåle transformatorstasjon

Oppsummert administrativt innspel frå Vestland fylkeskommune

Vi legg til grunn at søkjar og energimynde har set seg inn i Regional plan for fornybar energi 2023-2035, Regional plan for klima 2022-2035 og Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022-2027.

Hovudmålet i Regional plan for fornybar energi 2023-2035 (fornybarplanen) er at vi har energioverskot frå fornybare energikjelder og ei robust kraftforsyning som bidreg til grøn verdiskaping. Vestland fylkeskommune vil difor i utgangspunktet støtte tiltak som bidreg til dette målet.

I detaljplanen som no er på høyring utgjer inngrepssona eit større område enn det vi meldte arkeologisk registrering på. Dette gjeld areal for ny tilkomstveg og riggområde på gnr. 23 bnr.42. Det er svært uheldig at inngrepssona er utvida etter at den arkeologiske registreringa er ferdigstilt. Vi kan ikkje utelukke at det kan ligge automatisk freda kulturminne på denne eigedomen. Vi vurderer likevel at potensiale er mindre ettersom resultatet frå registreringa på naboeigedomen gav få funn. Vi gjer derfor merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd.

Vestland fylkeskommune meiner opparbeiding av turveg langs elva må takast med i situasjonsplanen og visast i detaljplanen i samband med oppføring av trafostasjonen.

Vi viser til brev frå Statens Vegvesen til NVE 14.11.2024 om avklaring av tilkomst til transformatorstasjonen.

Bakgrunn

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har sendt detaljplan og søknad om ekspropriasjon og førehands-tiltreding, datert 16. oktober 2024, frå Sygnir AS for nye Kvåle transformatorstasjon i Sogndal kommune i Vestland fylke

Detaljplanen for miljø og landskap skildrar planane for kva som skal byggjast. NVE skal godkjenne detaljplanen før arbeida kan starte. Høyringspartane, inkludert Vestland fylkeskommune, er bede om å gje tilbakemeldingar og innspel til detaljplanen. Konsesjonen ligg til grunn for høyringa og er ikkje gjenstand for ny høyring. Detaljplanen og vedlegga ligg på NVE sine nettsider.

Skildring av tiltaket

Tiltaket gjeld bygging av ny transformatorstasjon i Kvåle i Sogndal kommune. Eit av krava i konsesjonen er at Sygnir skal utarbeide ein detaljplan. Ein detaljplan er ein plan for korleis Sygnir skal byggje anlegget for å ivareta krava i konsesjonane. Detaljplanen skal og konkretisere korleis dei skal bygge og drive anlegga, slik at miljø og landskap vert teke best mogleg i vare. Sygnir skal ha utarbeidd planen i kontakt med Sogndal kommune, grunneigarar og andre med rettar i tiltaksområdet. Detaljplanen skal vere godkjent av NVE for arbeida tek til. Det er denne planen som no er sendt på høyring. Dokumenta er tilgjengelege på NVE si nettside www.nve.no/11927/A

Vurdering

Fornybar energi

Hovudmålet i Regional plan for fornybar energi 2023-2035 (fornybarplanen) er at vi har energioverskot frå fornybare energikjelder og ei robust kraftforsyning som bidreg til grøn verdiskaping. Vestland fylkeskommune vil difor i utgangspunktet støtte tiltak som bidreg til dette målet.

Regional plan for klima 2022-2035 (klimaplanen) legg føringar for korleis Vestland skal bli meir klima-robust og ta vare på naturmangfaldet vårt. Vi legg til grunn at søkjar og energimynde har set seg inn i planen. Sjå klimaplanen for ytterlegare relevans i saka.

Kulturminne og kulturmiljø

Retningslinje 33 i fornybarplanen seier at ein i område med direkte tilknytning til verneverdige kulturminne og kulturmiljø skal ein vise varsemd med løyve til ny kraftutbygging. Vi ber om at ein under opparbeiding av tiltaksområdet må søkje å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, ruinar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter, m.m.

I samband med konsesjonssøknaden gjennomførte fylkeskommunen i 2022 arkeologiske registreringar på gnr. 32 bnr.43 for stasjonstomten. Det vart gjort funn av to førhistoriske dyrkingsrestar, Askeladden id. 288992 og id. 288993. I brev datert 04.07.22 gjer Vestland fylkeskommune løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne med id. 288992 og id. 288993 utan vilkår om ytterlegare arkeologisk undersøking. Løyvet er datert 04.07.22 og gjeld berre tiltaket det er søkt om, og fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i verk innan 3 år.

I detaljplanen som no er på høyring utgjer inngrepssona eit større område enn det vi meldte arkeologisk registrering på. Dette gjeld areal for ny tilkomstveg og riggområde på gnr. 23 bnr.42. Det er svært uheldig at inngrepssona er utvida etter at den arkeologiske registreringa er ferdigstilt. Vi kan ikkje utelukke at det kan ligge automatisk freda kulturminne på denne eigedomen. Automatisk freda kulturminne kan her vere gjenstandsfunn, konsentrasjonar med trekol i bakken, steinsettingar eller samling med stein. Vi vurderer likevel at potensiale er mindre ettersom resultatet frå registreringa på naboeigedomen gav få funn. Vi gjer derfor merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd.

Friluftsliv

I vår uttale til konsesjon var vi negative til gjeldande plassering av trafostasjonen av omsyn til Sogndal kommune sine planar om ein turveg langs elva. Når det likevel er gjeve konsesjon til stasjonen på denne plassen, meiner vi at det ikkje vil vere urimeleg å stilla krav om at tiltakshavar opparbeider turveg i samband med oppføring av trafostasjonen. Vi meiner derfor opparbeiding av turvegen må takast med i situasjonsplanen og visast i detaljplanen.

Biologisk mangfald

Retningslinje 21 i fornybarplanen seier at planlagde tiltak som kjem i konflikt med artar som er "kritisk truga" eller "sterkt truga" (jf.Norsk Raudliste), eller naturtypar og leveområde som Noreg har eit internasjonalt ansvar for, eller er i konflikt med oppfylling av nasjonale og internasjonale avtalar, ikkje skal få konsesjon.

Klimaplanen seier at vi vektlegg omsynet til naturen i arealplanlegging, og så langt som råd unngår å øydelegge område som er viktig for biologisk mangfald. Retningslinje 17 i klimaplanen seier at vi bør unngå utbygging på karbonrike areal, som myr, våtmark og skog. Om tilstrekkelege kartleggingar ikkje er gjort skal føre-var-prinsippet leggjast til grunn (jf. Naturmangfaldlova §9).

Vassmiljø og fisk

De er ikkje noko særskilt å kommentere på søknaden i høve vassmiljø, men vil framheva at det er positivt at tiltakshavar søkjar å oppnå auka kompetanse hos dei som skal utføre arbeidet, samt at Statsforvaltaren har sett gode vilkår med blant anna plan for avbøtande tiltak ved fare for avrenning til vassdraget i nærleiken.

Infrastruktur og veg

Statens Vegvesen meiner tilkomst til ny transformatorstasjon framleis ikkje er godt nok avklara, og ber om at NVE tek stilling til om saka er godt nok opplyst før detaljplan blir behandla. Viss Sygnir meiner tilkomsten via fv. 5614 Avsølevegen ikkje er akseptabel, må det bli vurdert andre tilkomstløysingar. Statens vegvesen minner vidare om at tiltaket krev dispensasjon frå byggegrense etter veglova § 30, og at dette må søkast om. Det same gjeld planlagt kryssing av riksvegen med luftleidning. Sjå elles brev frå Statens Vegvesen til NVE 14.11.2024.

Med helsing

Sølve Dag Søndbø

seksjonsleiar

NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Siri Hanson

seniorrådgjevar

NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER

SOGNDAL KOMMUNE

Postboks 153

6856

SOGNDAL